



Arkivnr: 2014/460-1  
Saksbehandlar: Øivind Rune Bjørkås

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		21.01.2014

## Klage over tildeling av tilskot til lokale kulturbygg 2013 - Teaterdrift Bergen AS

### Samandrag

Saka gjeld handsaming av klage frå Teaterdrift Bergen AS 05.11.2013 over vilkår knytt til tildeling av tilskot frå ordninga for lokale kulturbygg. Tilskotsordninga er finansiert fullt ut av spelemidlar frå Norsk tipping gjennom desentralisert ordning for kulturbygg. Teaterdrift Bergen AS vart i vedtaket tildelt kr. 500.000 for 2013 på nærare vilkår. I vedtaket heiter det:

*Cornerteateret er eit viktig tiltak for fylkeskommunen. Kultur og ressursutvalet finn det difor hensiktsmessig å gi støtte under føresetnad av at tilskotet først blir utbetalt når Teaterdrift AS har gjennomført og fått godkjent av fylkeskommunen følgjande tiltak:*

*1 Fjerning av alle tersklar*

*2 Bygging av rullestolheis*

*3 Bygget elles er universelt utforma*

*Kultur- og ressursutvalet føreset at alle regionale og lokale kulturbygg ved nybygging, ombygging og rehabilitering blir universelt utforma i samsvar med vilkåra som gjeng fram under pkt. 5 og 2.1.2 i retningslinjene.*

Klagesakene er handsama i samsvar med forvaltningslova kap. VI, og vert lagt fram til vurdering av eventuell omgjerding jfr. forvaltningslova § 33, 2. ledd. Dersom sakene ikkje vert omgjort i kultur- og ressursutvalet vert desse oversendt Kulturdepartementet til endeleg avgjerd, jfr. Forvaltningslova § 33, 4. ledd jfr. forvaltningslova § 28, 2. ledd.

Fylkesrådmannen finn at Kultur- og ressursutvalet i vedtaket frå 17.09.2013 stilte vilkår om universell utforming som går lenger enn det ei rett forståing av retningslinjene frå Kulturdepartementet pkt. 2.1.2 ( sjå side fem) gjev grunnlag for. Kravet til universell utforming bør i denne samanheng avgrensast til fyrste etasje i bygget, som er omfatta av tildelinga, slik at vilkåret om heis til andre og tredje etasje og anna universell utforming ut over fyrste etasje vert stroke. For fyrste etasje legg fylkesrådmannen til grunn at universell utforming i hovudsak er gjennomført. Fylkesrådmannen vil likevel tilrå at eventuelle tersklar som kan fjernast utan å koma i konflikt med krav til brannsikring eller anna bindande regelsett vert fjerna.

## Forslag til vedtak

1.

Kultur- og ressursutvalet sitt vedtak av 17.09.2013 vert oppretthalde, med den endring at vilkåret om universell utforming av Cornerteateret vert avgrensa til fyrste etasje i bygget. Vilkåret er oppfylt ved fjerning av tersklar i den grad dette ikkje kjem i konflikt med tvingande rettskrav, som til dømes krav til brannsikring.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 07.01.2014

Saka gjeld handsaming av klage frå Teaterdrift Bergen AS dagsett 05.11.2013, over Kultur- og ressursutvalet sitt vedtak av 17.09.2013 om fordeling av fylkeskommunen si ordning for tilskot til lokale kulturhus. Ordninga er finansiert fullt ut av spelemidlar frå Norsk tipping gjennom desentralisert ordning for kulturbygg. Kultur- og ressursutvalet vedtok på møte den 17.09.2013 å tildele Teaterdrift Bergen AS kr. 500.000,- for 2013 på nærare vilkår. I vedtaket heter det:

*Cornerteateret er eit viktig tiltak for fylkeskommunen. Kultur og ressursutvalet finn det difor hensiktsmessig å gi støtte under føresetnad av at tilskotet først blir utbetalt når Teaterdrift AS har gjennomført og fått godkjent av fylkeskommunen følgjande tiltak:*

- 1 Fjerning av alle tersklar
- 2 Bygging av rullestolheis
- 3 Bygget elles er universelt utforma

*Kultur- og ressursutvalet føreset at alle regionale og lokale kulturbygg ved nybygging, ombygging og rehabilitering blir universelt utforma i samsvar med vilkåra som gjeng fram under pkt. 5 og 2.1.2 i retningslinjene.*

Klagen gjeld spørsmålet om fastsette vilkår knytt til universell utforming skal oppretthaldast.

### **Spørsmål om saka kan realitetshandsamast.**

Spørsmål er om klagen frå Teaterdrift Bergen AS skal avvisast som for seint innkomen, jfr. forvaltningslova §§ 29 og 31. Klager vart informert og fekk frist på 14 dagar for å komme med merknader til spørsmålet. I vedlagt brev av 28.11.2013 gir klagar sine synspunkt på spørsmålet om eventuell avvising av klagesaka.

Teaterdrift AS blei fyrst - etter spørsmål - uformelt informert om vedtaket ved e - post av 24.09.2013. E - posten inneheldt ikkje informasjon om høve til å klage. Bakgrunnen var at slik informasjon vart gitt i tilsegnsbrev på ordinært vis. Slikt formelt tilsegnsbrev vart sendt den 28.09.2013 til adressa søkar hadde oppgitt i søknaden. I klagen går det fram at dette var forretningsadressa til Teaterdrift AS på søketidspunktet, men at dette sidan vart endra. Brevet er så langt ikkje registeret returnert til Hordaland fylkeskommune. Underrettinga om vedtak mangla informasjon om klagefrist ( tre veker) men oppfylte elles krava i forvaltningslova.

Freisten på tre veker vil etter hovudregelen i forvaltningslova § 29 begynne å løpe frå underrettinga *er kommet frem til parten*. Om underrettinga elles er korrekt, reknast klagefrist frå mottak sjølv om informasjonen om klagefrist er utelatt. Ved dette høvet legg fylkesrådmannen - uavhengig av årsaka - til grunn at den formelle underrettinga reint faktisk ikkje kom fram. Klagar var kjend med vedtaket frå 24.09.2013 og vart i tillegg munnleg informert. Fylkesrådmannen tilrår at klaga vert fremma trass i ei eventuelle overskriding av freist, jfr. forvaltningslova § 31, og finn det difor ikkje naudsynt å gå nærare inn på tilhøvet til forvaltningslova § 29 andre ledd.

I utgangspunktet bør klagar sjølv underretta om adresseendringa og bera risikoen ved dette. Samstundes kan det leggjast vekt på at klagar i perioden hadde eit særskilt heftig program med oppstart og etablering av eit nytt teaterbygg. Fylkesrådmannen legg og vesentleg vekt på at klagar reint faktisk ikkje har motteke ei underretting som fullt ut tilfredsstilte krava til opplysing. At spørsmålet er av stor tyding for klagar og at ei eventuell endring av vedtaket i dette høvet ikkje vil føra med seg noko ulempe for anna privat part vert også tillagt stor vekt. Det bør også leggjast vekt på at klagen reiser spørsmål om forståinga av retningslinjene som det både av omsyn til parten,

andre søkarar og fylkeskommunen vil vera teneleg å få avklart nærare. Fylkesrådmannen finn etter dette at det ligg føre særlege grunner og at saka bør verte realitetshandsama til tross for fristoverskridinga jfr. forvaltningslova § 31

### **Klagar sine merknadar til realiteten:**

Kultur- og ressursutvalet gjennomførte synfaring hos Cornerteateret den 20.08.2013. Kultur- og ressursutvalet tok då mellom annan opp spørsmålet om universell utforming. Klagar vart i forkant av møte i Kultur- og ressursutvalet underretta om at universell utforming var ein aktuell problemstilling og kommenterte spørsmålet i vedlagt brev av 04.09.2013.

Klagar har i brev av 05.11.2013 og brev frå styreleiar av 28.11.2013 kome med relativt omfattande merknadar. I tillegg følgjer vedlegg frå eigar og prosjekterande arkitekt.

I brev av 05.11.2013 hevdar klagar at det er stor motsetnad mellom Kultur og ressursutvalet si formulering om teateret si tyding og konsekvensane av vilkåra som vert sett. Klagar skriv:

*» Cornerteateret er et viktig tiltak for fylkeskommunen» samtidig som det vert gjort sanksjonar mot prosjektet som gjør det umulig for drifterne å: 1. utføre de grunnleggende investeringene som gjør at vi svarer til de forventninger tilskuddsparter og brukere har til prosjektet og 2. Imøtekomme de strenge krav ene til universell utforming som utvalget pålegger oss.*

Klagar peikar på manglande samarbeid mellom kommune og fylkeskommune. Det vert vist til at det ligg føre gyldig rammeløyve frå 08.03.2011. Primærverksemda går føre - og søknaden er knytt til fyrste etasje som - slik klagar har oppfatta tilhøva - fyller krava til universell utforming. Klagar gir ei nærare skildring av utforminga knytt til publikum, brukarar og tilsette. Delar av skildringa er referert i samband med vurderinga under. Det vert elles vis til vedlagt klage.

I vedlagt brev av 04.11.2013 frå eigar Marineholmen forskningspark/Rieber Eiendom går det mellom anna fram at prosjektet er blitt til etter nøye veving av aktuelle interesser i samarbeid mellom byantikvaren, bygningsmynde, fagkonsulentar og huseigar. Eigar si oppfatning er at resultatet er svært bra. Etter å ha blitt utfordra på universell utforming vil eigar jamvel vurdere å fjerne einskilde tersklar dersom desse ikkje er naudsynte av omsyn til brannvern og lydkrav. Heis til tredje etasje vert vurdert som vanskeleg grunna verneomsyn. Eigar vil jamvel sjå på ytterlegare tiltak dersom ikkje gjestar, kursdeltakarar eller tilsette får likeverdig tilgang til aktivitetar i bygget.

I vedlagt brev av 05.11.2013 frå prosjekterande arkitekt Paal J. Kahrs Arkitekter AS vert det peikt på at tiltaket vart handsama etter TEK 97 og ikkje TEK 10 som har reglar om universell utforming, men at tiltaket følgjer kommuneplanen sin arealdel § 8. Det vert vist til bygget sin kulturhistoriske verdi og at det har vore tett dialog mellom Byantikvar, etat for byggesak og private planer, som førte fram til ein konklusjon om kva som var mogeleg å få til dersom både verneomsyn og universell utforming skulle ivaretakast.

*« Utover at det i romprogram og planløsning er tatt hensyn til UU, er det også på andre områder valgt UU løsninger. Dette gjelder for eksempel at samtlige dører er beskrevet med lav terskel tilpasset rullestol. I WC - rom er det valgt mørk flis på gulv for å gi kontrast til sanitærutstyr og dørene til WC rom er i kontrasterende farge i forhold til vegg....*

*Vi forstår at en innvending til Cornerteateret har vært dørterskler i bygget. Som omtalt over er ikke terskelen her unormal i forhold til vanlig UU. I forhold til lydkrav mellom teatersaler og fellesarealer vil det ikke være mulig å ta bort tersklene. Det kan heller ikke tas bort terskler fra dører med brannkrav. Dersom det er sterkt ønske, kan terskler til WC rom fjernes, men da mister dørene sin lydklasse. Dette kan oppleves som ubehagelig for brukerne av bygget. Avslutningsvis vil vi presisere at det ble nøye vurdert å bygge heis i bygget. Men på grunn av svært begrenset arealder en kunne legge inn åpninger over flere etasjer var dette ikke mulig. Tilgjengelig areal måtte nyttes til trapp og ventilasjonskanaler.*

I vedlagt brev av 28.11.2013 frå styreleiar i Teaterdrift Bergen AS vert det gitt ytterlegare merknadar til realiteten i saka. I hovudsak vert det vist til at huseigar har fått plan- og bygningsmynde sitt løyve i høve universell utforming. Klagar peiker på at bygget er eit verkstadbygg frå 1880 talet og det må utøvast eit skjøn innafor rammene av lova som ikkje medfører uføreholdsmessig byrde. Det vert vist til at lova stiller vilkår som krev spesifikk kompetanse hjå organet som gjer vurderinga og at lova sin regel er at dette organet er plan- og bygningsmynde i kommunen. Vidare vert det vist til at fylkeskommunen ikkje kan stille seg fritt til plan og bygningsmynde sin vurdering og at eit skjøn utøvd av relevant mynde ikkje utan vidare kan overprøvast av eit Kultur- og ressursutval som ikkje har den naudsynte kompetansen som lova krev for utøving av skjønnet, og heller ikkje har vore del av drøftingane som har vore i forkant mellom byggherre og bygningsmynde. Etter klagar sin oppfatning kan det difor reisast tvil om vedtaket sin gyldigheit. Klagar viser til at vilkåra vert ekstra urimeleg ettersom teateret er leietakar og ikkje kan innfri desse sjølv. Det vert vist til at det å halde attende midlar med den grunngjeving som er gitt er urimeleg og at teateret sin situasjon no er blitt prekær.

### **Vurdering av realiteten:**

Ordninga med tilskot til lokale kulturbygg er fullt ut finansiert av spelemidlar. Kulturdepartementet har gitt retningsliner for ordninga som skal leggast til grunn ved fylkeskommunen si handsaming.

Klagen reiser spørsmål om kva som er rett tolking av vilkåret om universell utforming. Under følgjer fyrst nokre generell merknader til forståinga av kravet som vilkår for tilskot. Det er sentralt å etablere ei forståing og praksis som er i samsvar med departementet sin intensjon og som sikrar at likskaps og saklegheitsomsyn m.m. er ivareteke for alle søkarar. Etter dette følgjer ei meir konkret vurdering knytt til klagesaka.

### **Generelt om vilkåret**

I retningslinene for desentralisert ordning for kulturbygg heiter det:

#### **2.1 Utforming**

*Bygg som mottek tilskott skal utførast i samsvar med dei til kvar tid gjeldande føresegner i plan- og bygningslova, jf. m.a. § 29 i plan- og bygningslova. Fylkeskommunen må medverka til at bygga vert føremålstenlege ut frå formåla for prosjekta.*

##### **2.1.2 Universell utforming**

*Kulturlokala eller -arenaene som mottek tilskot skal vera universelt utforma i samsvar med plan- og bygningslova og forskrifter til denne, sjå Forskrift om tekniske krav til byggverk (Byggteknisk forskrift). Dette gjeld både tilskott til nybygging og til ombygging.*

Universell utforming i retningslinene pkt 2.1.2 er eit vilkår for tildeling av tilskot. Utgangspunktet er at Kultur- og ressursutvalet ikkje kan tildele tilskot utan at kravet er oppfylt. Vilkåret er knytt til utforminga av sjølve tiltaket, ikkje til kommunal godkjenning. Om kommunen til dømes skulle unnlata å vurdera spørsmålet eller godkjenne på ein måte som klart er i strid med gjeldande rettsreglar har Kultur- og ressursutvalet eit sjølvstendig ansvar for å avdekkje dette og - om tilhøva ikkje vert retta - avslå søknaden om tilskot. Kultur- og ressursutvalet skal kontrollere spørsmålet ut frå same rettsreglar som kommunen jfr. plan- og bygningslova § 31-2, med forskrift. Spørsmålet er kor langt dette kontrollansvaret rekk.

Vedtaket i Kultur- og ressursutvalet frå 17.09.2013 byggjer på ein føresetnad om at fylkeskommunen skal/kan stille krav til universell utforming av heile bygget. For avgrensa tiltak på eksisterande bygg vil dette etter fylkesrådmannen sitt syn ikkje vere riktig. Vurderinga er knytt til «*kulturlokala eller - arenaene som mottek tilskot*». For nybygg som fullt ut vert nytta til kulturhus, vil kravet vere retta mot heile bygget. Ved tiltak på eksisterande bygg bør vilkåra derimot vera avgrensa til dei delar av bygget som er direkte omfatta av vedtaket. Føremålet med vilkåret er fyrst og fremst å sikra at offentlege tilskot vert nytta i samsvar med lova, ikkje å sørgje for universell utforming ut over dette. Omsynet til universell utforming er eit særskilt viktig offentleg omsyn, og er særskilt framheva i pkt. 2.1.2. Hovudføremålet med tilskotsordninga er likevel å bidra til etablering av kulturbygg, ikkje å sørgje for universell utforming som rekk lenger en rekkevidda av tildeling/tiltaket. Det vil i så fall fort mangle tilstrekkeleg sakleg samanheng mellom vilkår og føremål. Omsynet til rimeleg balanse mellom økonomiske bidrag og kostnader ved vilkår, tilseier same tolking. Ved tildeling av eit relativt lite tilskot til eit avgrensa tiltak vil krav om heil universell utforming fort verte uføreholdsmessig dyrt og urimeleg.

Ei slik avgrensing er i samsvar med hovudregelen i plan og bygningslova § 31-2, der tekniske krav for tiltak på eksisterande bygg er avgrensa til tiltaket. Ved arbeid på del av bygget slår krava inn - fullt ut - men berre for den delen som er omfatta.

For dei delar av bygget som er omfatta av søknaden/tilskotet oppstår spørsmål om kor langt fylkeskommunen bør gå i å kontrollere og eventuelt setja vilkår om ytterlegare tiltak. Som nemnt over, vil kommunen si vurdering i byggjesak ikkje vera formelt avgjerande for fylkeskommunen. Samstundes bør ikkje den kontrollfunksjon som følgjer av retningslinene pkt. 2.1.2. føra til at fylkeskommunen i realiteten opptrer som «byggesaksmynde» i tillegg til kommunen. Om fylkeskommunen gjennomgåande skulle gå nærare inn i plan og bygningsmynde si vurdering/skjønsutøving av einskildsaker etter plan og bygningslova på ein måte som sikrar grunnleggjande krav til sakshandsaming og skjønnsutøving ( til dømes likskapsomsyn), vil det vera naudsynt å tilføre kultur- og idrettsavdelinga ytterlegare ressursar. Fylkesrådmannen kan vanskelig sjå at det er ei slik prøving departementet har sett for seg.

Det bør difor - i all hovudsak - vera tilstrekkeleg å kontrollere at kommunen har gitt naudsynt rammeløyve og at spørsmålet om universell utforming er forsvarleg utgreia/vurdert av kompetent mynde. Tilsvarande for spørsmålet om vilkåra for å dispensere er til stades og det forvaltningskjønn som vert utøvd. Særleg gjeld dette kommunar med fagleg høg kompetanse på feltet, som til dømes Bergen kommune. For kommunar som manglar slik særskilt kompetanse kan det derimot vera behov for å medverke/kontrollere meir grundig, om naudsynt gjennom innkjøp av plan- og bygningsfagleg bistand.

## Nærare om Cornerteateret

I søknaden om rammeløyve heter det:

*Universell utforming, Kommuneplanens § 8:*

*Det legges til rette for universell utforming av 1. etasje i bygget. Her blir det tilgjengelige toaletter for rullestolbrukere både for ansatte og besøkende. Det legges også til rette for at det kan etableres egen arbeidsplass for rullestolbruker ved behov.*

*Av hensyn til at tiltaket er en kulturhistorisk bygning og endringene ikke er hovedombygging, blir det ikke fullverdig universell utforming av 2. og 3. etasje. Av hensyn til at tiltaket er en kulturhistorisk bygning og endringene ikke er hovedombygging, blir det ikke installert heis i bygget.*

I Rammeløyve av 08.03.2011 heter det mellom anna

*Da dette er en eldre bygning med kulturhistorisk verdi, vil det være meget omfattende å innfri dagens krav til gjeldende forskrifter og tillatelsen er derfor avhengig av at det gis dispensasjon fra kravene som er gitt i teknisk forskrift. Dette medfører at de deler som omfattes av tiltaket oppgradert hensiktsmessig, men antas ikke å tilfredsstillere kravene i teknisk forskrift 87.*

*Etter en samlet vurdering og de forhold som bygningsmyndighetene etter bestemmelsene i plan- og bygningsloven er pålagt å vurdere, finner en å kunne godkjenne søknaden ved å dispensere fra omsøkt forskrift, jf plan- og bygningsloven § 31-2.*

*Med hensyn til universell utforming vil 1 etasje inneholder de nødvendige funksjoner for å ivareta bygningens behov for personer med særskilte behov for tilrettelegging, og tiltaket tilfredsstiller derfor kravene til universell utforming.*

*For øvrig er tiltaket samsvar med gjeldende reguleringsplan for området vedtatt 27.04.2009, der den bygningen er vist som kontor, industri og allmennyttig formål.*

I søknaden frå Teaterdrift Bergen AS er det presisert at søknaden/tiltaka er knytt til tiltak i fyrste etasje, nærare bestemt tilrettelegging og innreiing av den store teatersalen. Denne avgrensinga går også fram av anna dokumentasjon. I Kultur- og ressursutvalet sitt vedtak frå 17.09.2013 vart fastsettinga av vilkår ikkje avgrensa til den del av bygget som er omfatta av vedtaket. På bakgrunn av det som er sagt over, legg fylkesrådmannen til grunn at vilkårsfastsettinga byggjer på ei urett forståing av retningslinene pkt. 2.1.2. I tråd med dette bør kultur- og ressursutvalet avgrense eventuelle vilkår for tildelinga til utforminga av hovudsalen i fyrste etasje og tilkomsten til denne.

Både søknaden og gitt rammeløyve legg til grunn at fyrste etasje skal vera universelt utforma. I klagen vert tilhøva knytt til hovudsalen skildra slik:

### **Publikum**

*Tilkomst til de generelle publikumsareal er gjennom hovedinngangen. Alle publikumsareal ligger på bakkenivå. Foaie, bar og billettluke er også tilrettelagt for rullestolbrukere, og i umiddelbar nærhet til disse fasilitetene ligger et handicaptoalett.*

*Hovedsalen ( stor teatersal): tre faste rullestolplasser i salen. Da dette er en blackbox med mobilt amfi, kan man med enkelhet flytte rundt på de ulike modulene, og på denne måten vil det være en ubegrenset mulighet til å tilrettelegge for spesielle fysiske behov. Tilkomsten til salen er svært enkel, og salen ligger på bakkenivå. Tilkomst til salen er ved først å å entre hovedinngangen inn i foajeen og deretter fra foajeen og inn i salen. De definerte plassene for rullestolbrukere er i umiddelbar nærhet med inngangen til salen.*

*Vi har allerede hatt flere gjester/publikummere som er rullestolbrukere, og har kun fått positive tilbakemeldinger på utforming, tilgang og fasiliteter.*

***Ansatte:***

*Husets første etasje har et» bakscene – område» med teknisk verksted og kontor, samt handicaptalett for ansatte/brukere. Her vil det være 2 - 4 arbeidsplasser som med enkle grep kan tilrettelegges for rullestolbrukere. Per i dag er det tilkomst til toalett fra gangen og til kontor via teknisk rom. I tillegg vil det kunne lages ramper inn til kontor, hvis det er behov for flere tilkomstalternativer. Dørstokker som er til hinder for fri adkomst til disse rommene blir fjernet.*

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har gjennomført synfaring i Cornerteateret. I vedlagt brev av 09.01.2014 har rådet gitt uttale til saka. For fyste etasje vert det mellom anna pekt på tilhøva for syns og hørselshemma. Det vert mellom anna vist til behov for sterkare kontrastar, ledelinjer, betre skilting og manglande teleslynge.

Ut frå det som er sagt over vil fylkesrådmannen tilrå at ein er tilbakehalden med å gå inn i meir fagleg skjønnsprega vurderingar og avvegingar som er gjort. Skildringane som er gitt av søkar, eigar og prosjekterande arkitekt viser at omsynet til universell utforming har vore ein sentral del av arbeidet i prosjektet, noko byggjet sin offentlege funksjon og tilseier. Fylkesrådmannen legg til grunn at omfanget av tiltaka er fagleg vurdert av prosjekterande arkitekt og har ikkje tilstrekkeleg grunnlag for anna enn å leggje til grunn den forklaring som er gitt, mellom anna knytt til avveginga av brannvern mot lydkrav. Det går også fram at Byantikvaren i Bergen har vore involvert i prosessen knytt til omsynet til kulturminneverdien i byggjet. I den grad tersklar kan tilpassast utan at dette kjem i konflikt med bindande brannsikrings- og lyd krav, bør dette gjerast.

Teknisk forskrift stiller i utgangspunktet krav om heis. Bygging av heis vil rimelegvis medføre endringar i fyrste etasje, men samstundes ha tilkomst til og frå andre og tredje etasje som funksjonelt føremål. I eit slikt høve vil det ikkje vera tenleg å halde fast ved eit slikt vilkår for det tilskot som her er ytt. Dersom søknaden/tilskotet også omfattar tiltak i etasjane over, ville det derimot vera naudsynt å vurdere spørsmålet nærare. Vilkåret om heis bør etter dette fjernast.

Vilkåret om at bygget elles vert universelt utforma bør etter fylkesrådmannen sitt syn fjernast med same grunngjeving som over. Ei slik formulering gjev heller ikkje tilstrekkeleg presis skildring av kva konkrete tiltak søkar i så fall må setja i verk. Innhaldet i kravet om universell utforming vil i einskildsakar avhenge av ei konkret fagleg vurdering og avveging av fleire omsyn.